



Arbeidstilsynet  
Postboks 4720 Sluppen  
7468 TRONDHEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/874 - 17/1698

Saksbehandlar:  
Lisbeth Toppe Alvær  
lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no

Dato:  
23.02.2017

## Tilbakemelding tilsynsrapport Radøy kommune

Viser til brev frå Arbeidstilsynet 20.12.17 med vedtak om pålegg i samband med tilsyn.

Radøy kommune har i samband med tilsyn knytt til førebyggjande arbeid for å hindre helseskade hos brannmannskap og feiar, fått fem pålegg om utbetring. Desse pålegga har kommunen fulgt opp slik:

- 1) *Arbeidsgiver skal kartlegge og dokumentere forekomsten av kjemikalier og på grunnlag av dette vurdere enhver risiko for arbeidstakers helse og sikkerhet. Verneombud/ansattes representant skal medvirke.*

Kommunen sin bedriftshelseteneste Salutis, ved verneingeniør Solgun Ellingsen, har deltatt i kartlegging og utarbeiding av risikovurdering av kjemikalier som er relevant for helsa til brannmannskap og feiar. Ellingsen deltok på synfaring på brannstasjonen 27.01.17 saman med brannsjef Stein Ove Valdersnes, feiar Terje Håland, verneombud Trond Sylta og kommunalsjef Lisbeth T. Alvær.

På bakgrunn av synfaring på brannstasjonen og samtale med brannsjef, feiar, verneombud og kommunalsjef, har Salutis i samarbeid med kommunen utarbeidd ei risikovurdering, sjå vedlegg *Risikovurdering –kjemisk helsefare*.

- 2) *Arbeidsgiver skal sørge for å utarbeide plan for tiltak som skal iverksettes for å hindre eksponering for kjemiske forurensinger i arbeidsmiljøet og forebygge helseskader. Dette skal gjøres i samarbeid med verneombud/ansattes representant.*

Bedriftshelsetenesta Sulautis har deltatt i utarbeiding av handlingsplan saman med arbeidsgjevar, og tiltaka er forankra i dialog med verneombud, sjå vedlegg *Handlingsplan 2017 Radøy brannvern*. Salutis har utarbeidd utkast, som er bearbeida og ferdigstilt av Radøy kommune. Skifte av verneombud midt i prosessen gjorde at verneombud Trond Sylta deltok i arbeid med kartlegging og risikovurdering, medan nyvalgt verneombud Trond Atle Ohnstad har vore involvert i vidare prosess.

- 3) *Arbeidsgiver skal i samarbeid med bedriftshelsetjenesten utarbeide en plan for bedriftshelstjenestens bistand i virksomheten.*

Rådmannen har på bakgrunn av dialog med Salutis og adm. lagt fram sak om plan for bistand frå bedriftshelsetenesta (2017) for AMU. Møtet i AMU 06.02.17 vart avlyst pga sjukdom, og det er kalla inn til nytt møte 08.03.17, sjå vedlegg *Endre og opprette verneområder 2017* (sak 17/21) og *Samhandlingsplan Salutis og Radøy kommune*. Planen angir at brannvern er eit prioritert område for oppfølging, og kursing, deltaking i risikovurdering, utarbeiding av handlingsplan og gjennomføring av helseundersøking for brannmannskap og feiar, er konkrete bistandsområder for bedriftshelsetenesta i 2017.

*4) Arbeidsgiver skal sørge for at verneombud tas med på råd under både planlegging og gjennomføring av tiltak som har betydning for arbeidsmiljøet.*

Verneombud har tatt del i risikovurdering og utarbeiding av handlingsplan for brannvern og feiar 2017. Rådmannen har lagt fram sak om endring av verneområder til AMU, og det er gjort framlegg om eige verneombud for brannvern og feiar, som vil bli tatt med på råd under planlegging og gjennomføring av tiltak som har betydning for arbeidsmiljøet. Som nevnt i punktet over, vart AMU-møtet utsett pga sjukdom, slik at val av nytt verneombud er gjort med atterhald om godkjenning av endring i verneområder.

*5) Arbeidsgiver skal sørge for at arbeidsmiljøutvalget/lokal fagforening/ansattes representanter deler inn arbeidsplassen i verneområder. Inndelingen må sikre at verneområdet som omfatter brannmannskap og feiar er klart avgrenset og ikke større enn at verneombudet kan ha full oversikt og ivareta sine oppgaver på forvarlig måte.*

Rådmannen har lagt fram sak om endring av verneområder til AMU (sak 17/21), der brannvern og feiar utgjer eige verneområde. Val av nytt verneombud er gjort med atterhald om at endring av verneområder vert godkjent i AMU. Brannvern og feiar består av om lag 20 personar, og verneområdet er oversiktleg. Nytt verneombud vil få tilbod om opplæring i tråd med lovkrava. Eige verneombud for brannvern og feiar legg i større grad til rette for kunnskap og deltaking i relevante prosessar for brannvernet.

Det vart orientert om Arbeidstilsynets tilbakemelding ifm tilsynet på personalsamling 06.12.16. På samlinga hadde lege Krisztina Hilland ved Salutis foredrag om tilsynstemaet.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær  
kommunalsjef drift og forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Risikovurdering kjemisk helsefare

Handlingsplan 2017 Radøy brannvern

Endre og opprette verneområder 2017 (L)(112692)

Samhandlingsplan SALUTIS og RADØY KOMMUNE (L)(111033)

**Kopi til:**

Stein Ove Valdersnes

**Mottakrar:**

Arbeidstilsynet

Postboks 4720 Sluppen

7468

TRONDHEIM